



Jensen Roald Murerfirma  
POSTBOKS 20  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2855 - 16/24073

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
03.01.2017

## Godkjenning - GBNR 23/122 - Løyve til oppføring av påbygg - Grønlandsvegen

**Administrativt vedtak. Saknr: 437/2016**

**Tiltakshavar:** Ronny Rød-Jensen  
**Ansvarleg søkjar:** Jensen Roald Murerfirma  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve i eitt trinn for påbygg til bustaden på gbnr. 23/122.

Den omsøkte eigedomen er regulert til bustadbygging i reguleringsplan for Frekhaug senter / Grønland, planid: 125619790703. Eigedomen er matrikkelført med eit areal på om lag 1173 m<sup>2</sup> og Elisabeth og Ronny Rød-Jensen står registrert som eigarar. Det er opplyst at eigedomen frå før av er bebygd med 165 m<sup>2</sup>. Det omsøkte tiltaket er på 47 m<sup>2</sup>, og eigedomen vil samla vere bebygd med 212 m<sup>2</sup>. Dette inneber ei utnytting av eigedomen på 18,1 %, som er innanfor det reguleringsplanen legg opp til.

Vi viser til søknad journalført motteke 29.11.2016, komplementert med søknad frå ansvarleg søkjar og nye teikningar journalført motteke 21.12.2016.

### VURDERING:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Påbygg til eksisterande bustad er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a), med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3.

Oppføringa må vere i samsvar med plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, samt gjeldande planar, jf. pbl § 1-6 andre ledd.

Den omsøkte eigedomen er regulert til bustadbygging i reguleringsplan for Frekhaug senter / Grønland, planid: 125619790903. Oppføring av påbygg til eksisterande bustad er dermed i samsvar med gjeldande reguleringsplan, jf. pbl § 1-6 andre ledd.

#### Tiltaket si plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne byggverket si plassering, medrekna høgdeplassing, og byggverket si høgd.

Påbygget er oppgjeve med ei mønehøgd på 6,3 meter, og taket vil då flukte med taket på eksisterande bygning. Påbygget skal plasserast på eksisterande grunnmur. Kommunen kan godkjenne høgda og høgdeplassinga i samsvar med pbl § 29-4 første ledd.

Vidare er påbygget omsøkt plassert 4,3 meter frå grensa mot gbnr. 23/365. Omsøkt plassering er dermed i samsvar med pbl § 29-4 andre ledd.

#### Tiltaket si utforming og utsjånad:

Kommunen finn at det omsøkte tiltaket stettar krava til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2.

#### Utnyttingsgrad:

Tiltaket er i samsvar med gjeldande krav til utnyttingsgrad i reguleringsføresegn § 17.

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført 21.12.2016.

Det følgjer av byggjesaksforskrifta (SAK10) § 6-8 at kommunen kan godkjenne person for ansvarsrett for sjølvbyggjar på eigen bustad «*dersom personen sannsynleggjør at arbeidet godkjenningen gjelder vil bli utført i samsvar med bestemmelser gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven.*»

I følgje rettleiaren til SAK10 § 6-8 må den som søker om ansvarsrett sannsynleggjere å inneha tilstrekkelege kvalifikasjonar, der mellom anna kompetanse og erfaring skal til leggjast vekt, og der personar med byggteknisk utdanning og praksis bør kunne godkjennast. I tillegg må sjølvbyggjar sannsynleggjere at arbeidet vil bli tilfredsstillande utført.

Tiltakshavar har søkt om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar for prosjekterande og utførande arkitektur og tømrrarbeid. Tiltakshavar har i søknaden oppgjeve at han skal nytte seg av medhjelpar si utdanning og/eller praksis, samt bruk av innleidd føretak.

Det er opplyst at Jensen Roald Murerfirma ENK, org.nr. 970 119 914, skal kontrollere og bekrefte at eksisterande fundament er eigna for omsøkt påbygg. Innehavar Roald Kristian Jensen er utdanna murar og har arbeidserfaring som murar.

Vidare er det opplyst at Tore Sjøvik ENK, org.nr. 983 757 472, vil bistå med oppføring av påbygget. Innehavar Tore Sjøvik er utdanna tømrrar og har arbeidserfaring som tømrrar.

Meland kommune finn at dokumentasjonen som er sendt inn er tilstrekkeleg for at vi kan godkjenne søknad om løyve for ansvarsrett som sjølvbyggjar. Vi viser til at ansvarlege i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl § 23-1. Ansvarleg søkjar, Jensen Roald Murerfirma, skal samordne ansvarleg prosjekterande og utførande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til oppføring av påbygg til eksisterande bustad på gbnr. 23/122 som omsøkt. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Utforminga skal vere som vist på fasade-, snitt- og planteikningar journalført 21.12.2016.*

*«Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bustader og adresse.*

*«Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn tre år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

kart

teikningar

teikningar

planteikning

20170103093215

**Mottakere:**

Jensen Roald Murerfirma  
Ronny Rød-Jensen

POSTBOKS 20 5906  
Grønlandsvegen 5918  
10

FREKHAUG  
FREKHAUG